

Saksbehandlar: Sissel Brusegård, Opplæringsavdelinga
Sak nr.: 15/12443-1

Val av fagopplæringsnemnd for perioden 2016 - 2020

::: Sett inn innstillingen under denne linja ↓

Fylkesrådmannen rår hovudutvalet til å gje slik tilråding: Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

1. Fagopplæringsnemnda skal vere fagorgan for hovudutvala i saker som vedkjem fag- og yrkesopplæringa i samsvar med fylkestingsvedtak 30/07.
2. Fagopplæringsnemnda skal framleis vere samansett som nemnd i fylkestingsvedtak 30/07:
 - a) Fagopplæringsnemnda vert sett saman av representantar for arbeidstakar-organisasjonane, arbeidsgjevarorganisasjonane og det offentlege utdannings-systemet. Arbeidsgjevar- og arbeidstakarrepresentantane skal til saman ha fleirtal i nemnda. Fagopplæringsnemnda konstituerer seg sjølv.
 - b) Fagopplæringsnemnda i Sogn og Fjordane skal ha 11 faste medlemer, i tillegg til 1 observatør.
 - c) Representasjon for faste medlemer, der organisasjonane foreslår sine medlemer og varamedlemer:
 - 1 representant frå NHO
 - 1 representant frå KS
 - 1 representant frå Virke
 - 1 representant frå YS
 - 2 representantar frå LO
 - 1 representant frå lærarorganisasjonane
 - 2 politikarar
 - 1 lærling-/lærekandidatrepresentant
 - 1 elevrepresentant
 - d) Representasjon for observatør med møte- og talerett:
 - 1 representant frå OKSU (Opplæringskontora sitt samarbeidsutval)
 - e) Fagopplæringsnemnda skal velje eit arbeidsutval på tre medlemmer.
 - f) Dei politiske representantane skal veljast frå hovudutval for opplæring og hovudutval for næring og kultur.

3. Val av medlemmer til fagopplæringsnemnda for 2016-2019:

Medlemer frå arbeidsgivarorganisasjonane:

NHO, Næringslivets Hovedorganisasjon:

Medlem nr. 1: Jan Atle Stang

Varamedlem: Marit Gjerstad

KS, Kommunenes Sentralforbund:

Medlem nr. 2: Gunnlaug Olsvoll Røed

Varamedlem: Rita Lilletvedt

VIRKE (tidlegare Handels- og Servicenæringens Hovedorganisasjon):

Medlem nr. 3: Hans-Jacob Sunde

Varamedlem: Ole Stubhaug

Medlemer frå arbeidstakarorganisasjonane:

YS (Yrkesorganisasjonenes Sentralforbund) v/ Delta:

Medlem nr. 4: Hildegunn Tretteteig

Varamedlem: Ståle Randal

LO, Landsorganisasjonen i Norge:

Medlem nr. 5: Nils P. Støyva

Varamedlem: Øyvind Åsarmoen Møller

Medlem nr. 6: Eli Grov Østerbø

Varamedlem: Anne Kristin Førde

Lærerorganisasjonane:

Medlem nr. 7: Alf Reidar Myrstad

Varamedlem: Hilde Kvamsås Aa

Medlem frå hovudutvalet for opplæring:

Medlem nr. 8:

Varamedlem:

Medlem frå hovudutvalet for næring og kultur:

Medlem nr. 9:

Varamedlem:

Medlemer for valperioden 2015 – 2017:

Lærling/lærekandidat:

Medlem nr. 10: Pia Vee Høl

Varamedlem: Niklas Våtevik

Elev:

Medlem nr. 11: Joakim Gram Haugum

Varamedlem: Jan Helge Husum

Observatør med møte- og talerett:

Frå OKSU, Opplæringskontora sitt samarbeidsutval:

Observatør: Jan Erik Øygard

Varaobservatør: Jorunn Kirketeig

::: Sett inn innstillingen over denne linja ↑

... Sett inn saksutredningen under denne linja ↓

Vedlegg:

Andre dokument som ikkje ligg ved:

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Fylkeskommunen nemner opp fagopplæringsnemnda med oppgåver etter kapittel 4 og 12 i opplæringslova. FT gjorde i sak 30/07 vedtak om arbeidet i nemnda og samansettinga av denne.

I samband med oppnemning av ny fagopplæringsnemnd for perioden 2016-2019 har NHO og LO i Sogn og Fjordane kome med innspel til oppgåver og funksjon for nemnda, vedlegg 1.

FU gjorde i sak 109/15 *Val av medlemmer til nemnder o.a., valperioden 2015-2019*, slikt vedtak:

Fylkesutvalet syner til innspel frå NHO og LO om ny organisering av Fagopplæringsnemnda. Valet vert utsett til eventuell ny organisering er vurdert.

Fylkesrådmannen legg i denne saka fram ei vurdering av organiseringa av fagopplæringsnemnda.

2. Vurderingar og konsekvensar

Lov og gjeldande vedtak

I opplæringslova står det følgjande om oppnemning av, og oppgåvene til, fagopplæringsnemnda:

§ 12-3. Yrkesopplæringsnemnder og yrkesutval

Fylkeskommunen nemner opp yrkesopplæringsnemnd med oppgåver etter §§ 4-3, 12-3 og 12-4.

Nemnda skal ha medlemmer med personlege varamedlemer som til saman skal ha brei innsikt i heile fag- og yrkesopplæringa og i nærings- og sysselsetjingsspørsmål. Det skal i alle høve nemnast opp medlemmer frå partane i arbeidslivet etter forslag frå arbeidstakarorganisasjonane og etter forslag frå arbeidsgivarorganisasjonane. Partane i arbeidslivet skal ha fleirtal i nemnda. Dessutan skal det nemnast opp minst éin representant for elevar, lærlingar eller lære kandidatane etter forslag frå organisasjonar eller organ som representerer desse. Fylkeskommunen kan be lærarorganisasjonane om forslag til medlemmer i nemnda.

Nemnda vel sjølv leiar og nestleiar. Funksjonstida til nemnda er den same som for fylkestinget. Representantane for elevane, lærlingane og lære kandidatane blir oppnemnde for to år om gongen.

Fylkeskommunen skal førebu dei sakene nemnda skal behandle.

Departementet kan gi nærmare forskrifter om arbeidet i nemnda.

Nemnda skal nemne opp eit rådgivande yrkesutval for kvart av faga eller fagområda, eller nytte prøvenemnda som yrkesutval. Departementet kan gi forskrifter om samansetjinga av og verksemda til yrkesutvala.

Kommunelova § 14 nr. 1 bokstav a gjeld ikkje for oppnemning av medlemmer til yrkesopplæringsnemnda.

§ 12-4. Oppgåvene til yrkesopplæringsnemnda

Yrkesopplæringsnemnda skal fremje behov hos og synspunkt frå arbeidslivet overfor fylkeskommunane.

Yrkesopplæringsnemnda skal i form av vedtak uttale seg i saker som fylkeskommunen etter § 4-8 er pliktig til å leggje fram for nemnda. Dette gjeld mellom anna saker om godkjenning av lærebedrifter og tap av godkjenning, og om fylkeskommunens kvalitetsystem for fag- og yrkesopplæringa.

Yrkesopplæringsnemnda skal arbeide for å heve kvaliteten av heile fag- og yrkesopplæringa. Yrkesopplæringsnemnda skal særleg

- fremje forslag til organisering, arbeidsmåtar og strategiar for å utvikle kvaliteten av fag- og yrkesopplæringa
- vurdere og uttale seg om rutine i fylkeskommunen for å sikre kvaliteten av fag- og yrkesopplæringa

- vurdere korleis partane i arbeidslivet skal bidra til kvalitetsutvikling og -sikring i fag- og yrkesopplæringa
- vurdere korleis samhandlinga mellom skolar og lærebedrifter kan betrast
- vurdere korleis kompetanseutvikling kan sikrast

Yrkesopplæringsnemnda skal arbeide for best mogleg dimensjonering av den vidaregåande opplæringa, og gi fylkeskommunen råd om tiltak i samband med den årlege fastsetjinga av tilbod.

Yrkesopplæringsnemnda skal arbeide for at rådgivinga om fag- og yrkesopplæring blir best mogleg, og foreslå tiltak der ho finn det nødvendig.

Yrkesopplæringsnemnda skal gi råd om korleis utvikling av fag- og yrkesopplæringa og samhandling mellom skolar og bedrifter kan medverke til regional utvikling, mellom anna utvikling av nye verksemder og arbeidsplassar.

Yrkesopplæringsnemnda kan gi fylkeskommunen fullmakt til å gjere den faglege vurderinga av bedrifter eller til å utføre andre oppgåver som etter lov eller forskrift er lagde til yrkesopplæringsnemnda.

Fylkestinget gjorde i sak 30/07 slikt vedtak:

1. Fagopplæringsnemnda vert sett saman av representantar for arbeidstakar-organisasjonane, arbeidsgjevarorganisasjonane og det offentlege utdanningssystemet. Arbeidsgjevar- og arbeidstakarrepresentantane skal til saman utgjere fleirtalet i nemnda. Fagopplæringsnemnda konstituerer seg sjølv.

2. Fagopplæringsnemnda i Sogn og Fjordane skal ha 11 faste medlemmer, i tillegg til 1 observatør.

a) Representasjon for faste medlemmer, der organisasjonane foreslår sine medlemmer og varamedlemer:

1 representant frå NHO
 1 representant frå KS
 1 representant frå Virke
 1 representant frå YS
 2 representantar frå LO
 1 representant frå lærarorganisasjonane
 2 politikarar
 1 lærling-/lærekandidatrepresentant
 1 elevrepresentant

b) Representasjon for observatør med møte- og talerett:

1 representant frå OKSU (Opplæringskontora sitt samarbeidsutval)

3. Nemnda skal velje eit arbeidsutval på tre medlemmer.

4. Dei politiske representantane skal veljast frå hovudutval for opplæring og hovudutval for plan og næring.

5. Fagopplæringsnemnda skal vere fagorgan for hovudutvala i saker som vedkjem fag- og yrkesopplæringa."

Erfaringar frå sittande fagopplæringsnemnd

Fylkesrådmannen har med bakgrunn i fylkesutvalet sitt vedtak i sak 109/15 kartlagt erfaringane frå medlemane i fagopplæringsnemnda i perioden 2012-2015. Ni medlemmer i nemnda har svara, elev og lærlingrepresentantane har ikkje vore tilgjengelege.

Medlemane i nemnda er tydelege på at nemnda har fungert godt og at ein har hatt engasjement for fag- og yrkesopplæringa. Eit stort fleirtal av medlemmane i nemnda peikar på viktigheita av at medlemane i nemnda kjem frå fleire organisasjonar. Det vert m.a. av fleire peika på viktigheita av at Utdanningsforbundet er del av nemnda. Nær alle medlemmene i nemnda meiner at ein har hatt

god kontakt med bedrifter og opplæringskontor. Fellesmøte med næringslivet er viktig for nemnda, særleg med tanke på vektlegginga av yrkesfaga når det gjeld opplæringstilbodet i fylket.

Eit stort fleirtalet av medlemene i nemnda opplever det som uproblematisk å vere eit rådgjevande organ då dei opplever at deira råd blir lytta til i politiske samanhengar.

Eit par medlemmer i nemnda peika på at det hadde vore ynskjeleg å vere del av dei politiske drøftingane fram mot vedtak i sak om opplæringstilbodet. Dette for å sikre at tilbodet speglar behovet næringslivet har for rekruttering. Ein medlem i nemnda føreslo at dette kan løysast ved sammøte mellom hovudutval for opplæring og fagopplæringsnemnda når slike saker skal handsamast.

Fleire medlemmer i nemnda understreka at ordninga med arbeidsutval har fungert godt. Samstundes kunne arbeidet i arbeidsutvalet ha vore betre forankra i fagopplæringsnemnda. Nokre medlemmar tok til ordet for litt fleire møte og at ein i nemnda arbeider meir med det langsiktige perspektivet og oppfølging av handlingsprogrammet til fagopplæringsnemnda.

Innspel frå NHO og LO Sogn og Fjordane

I brev til fylkesordføraren, datert 7. oktober 2015, kjem NHO og LO Sogn og Fjordane med innspel til oppgåver og funksjon for fagopplæringsnemnda, vedlegg 1. For å styrke nemnda ber partane om at fylkesutvalet vurderer tre endringar, etter modell frå fagopplæringsnemnda i Rogaland:

- a) nemnda bør ha seks medlemmer
- b) det bør delegerast saker til nemnda slik at denne får vedtaksmynde
- c) fylkesordføraren bør leie nemnda

Fagopplæringsnemnda i Rogaland

I Rogaland har ein lang erfaring med at fagopplæringsnemnda (i Rogaland «yrkesopplæringsnemnda») er eit attraktivt og viktig organ for fag- og yrkesopplæringa. Ein var der usamde med endringane i opplæringslova i 2007 som tydeleggjorde nemnda som rådgjevande organ. Det var viktig for fylkestinget i Rogaland å oppretthalde ei lita nemnd med høg legitimitet som kunne arbeidde effektivt. I lys av dette vedtok ein i Rogaland ei samansetting av nemnda som var eit minimum av kravet i lova:

- 2 NHO-representantar
- 2 LO-representantar
- 2 politikarar – posisjon + opposisjon
- Ungdomssekretær – LO Rogaland

Fagopplæringsnemnda i Rogaland har om lag sju møte i året, mot fire i Sogn og Fjordane.

Følgjande paragrafar i opplæringslova er delegert til yrkesopplæringsnemnda i Rogaland:

- § 4-3 Godkjenning av lærebedrifter*
- § 4-5 Godkjenning/avvisning av lærekontrakter og opplæringskontrakter*
- § 4-6 Enkeltvedtak knyttet til endring av kontraktsforhold, heving, avslutting eventuelt videreføring av kontraktsforhold hvor partene (lærling lære-bedrift) er uenige om kontraktsforholdet*
- § 4-8/3-5 Godkjenning/avvisning av fag-/svenneprøve utenom læreforhold / skole*
- § 4-8 Oppnevning av prøvenemnder og yrkesutvalg*
- Følgende paragraf i forskrift til opplæringsloven delegeres til yrkesopplæringsnemnda:*
- § 4-62 Utstedelse av fag- og svennebrev.*

Yrkesopplæringsnemnda har så delegert dei same oppgåvene, med unntak av tap av godkjenning, til fylkesrådmannen.

Fylkesrådmannen (SFJ) har sendt førespurnad til både leiar av fagopplæringsnemnda (fylkesordføraren) og administrasjonen om deira erfaringa knytt til organisering av nemnda i Rogaland. Vi har ikkje fått noko tilbakemelding på desse førespurnadane.

Val av medlemmer til fagopplæringsnemnda i valperioden 2015-2019

Val av fagopplæringsnemnd i valperioden blei utsett i sak 109/15 til fylkesutvalet. Med bakgrunn i at fylkesrådmannen i denne saka har vurdert ny organisering legg òg fylkesrådmannen fram tilråding på ny nemnd. I samsvar med opplæringslova og gjeldande fylkestingsvedtak om samansetting av nemnda har fylkesrådmannen bede om forslag på medlemmer og observatør.

Det har kome slike framlegg:

Medlemer frå arbeidsgivarorganisasjonane:

NHO, Næringslivets Hovedorganisasjon:

Medlem nr. 1: Jan Atle Stang

Varamedlem: Marit Gjerstad

KS, Kommunenes Sentralforbund:

Medlem nr. 2: Gunnlaug Olsvoll Røed

Varamedlem: Rita Lilletvedt

VIRKE (tidlegare Handels- og Servicenæringens Hovedorganisasjon):

Medlem nr. 3: Hans-Jacob Sunde

Varamedlem: Ole Stubhaug

Medlemer frå arbeidstakarorganisasjonane:

YS (Yrkesorganisasjonenes Sentralforbund) v/ Delta:

Medlem nr. 4: Hildegunn Tretteteig

Varamedlem: Ståle Randal

LO, Landsorganisasjonen i Norge:

Medlem nr. 5: Nils P. Støyva

Varamedlem: Øyvind Åsarmoen Møller

Medlem nr. 6: Eli Grov Østerbø

Varamedlem: Anne Kristin Førde

Lærerorganisasjonane:

Medlem nr. 7: Alf Reidar Myrstad

Varamedlem: Hilde Kvamsås Aa

Medlem frå hovudutvalet for opplæring:

Medlem nr. 8:

Varamedlem:

Medlem frå hovudutvalet for næring og kultur:

Medlem nr. 9:

Varamedlem:

Medlemer for valperioden 2015 – 2017:

Lærling/lærekandidat:

Medlem nr. 10: Pia Vee Høl

Varamedlem: Niklas Våtevik

Elev:

Medlem nr. 11: Joakim Gram Haugum

Varamedlem: Jan Helge Husum

Observatør med møte- og talerett:

Frå OKSU, Opplæringskontora sitt samarbeidsutval:

Observatør: Jan Erik Øygard

Varaobservatør: Jorunn Kirketeig

Dei to politiske representantane skal veljast frå høvesvis hovudutval for opplæring og hovudutval for næring og kultur. Reglane om kjønnsbalanse inneber at kvart kjønn skal vere representert med minst fem medlemer i nemnda, jf. kommunelova § 36 nr. 2. Dei to folkevalde bør ut frå dette vere av kvart sitt kjønn.

3. Konklusjon

Fylkesrådmannen deler NHO og LO Sogn og Fjordane sitt ynskje om auka merksemd på fagopplæringsnemnda sitt arbeid og heva status for fag- og yrkesopplæringa. Med omsyn til samansetting og storleik på nemnda, legg fylkesrådmannen stor vekt på den sitjande nemnda

sine vurderingar om at nemnda har fungert godt. Samansetjinga av fagopplæringsnemnda må òg vurderast med bakgrunn i dei oppgåvene fagopplæringsnemnda skal løyse, jamfør opplæringslova.

Om det er føremålstenleg å endre den politiske deltakinga i nemnda ønskjer ikkje fylkesrådmannen å ha noko meining om.

Men som omtala i sak 109/15 til fylkesutvalet meiner fylkesrådmannen det prinsipielt ikkje er rett å delegere vedtaksmynde til organ utan politisk fleirtal/styring. I tillegg er områda som er delegert i Rogaland saker utan skjønnsutøving. M.a. blir det i Sogn og Fjordane handsama 550 – 700 lære-kontraktar i året. Ei delegering av denne sakshandsaminga vil bety ei forseinking og byråkratisering av arbeidet. Dette er truleg noko av bakgrunnen for at nemnda i Rogaland har delegert dette arbeidet (attende) til fylkesrådmannen.

[... Sett inn saksutredningen over denne linja ↑](#)